




Stad
kommune

Temaplan for klima 2025-2037

Arkivsaksnr.: 23/3828
Stad kommune, oktober 2025

Planen er eit
overordna, operativt
dokument som gir oss
retning i kommunen
sitt arbeid i møte med
klimaendringane.



Innhald

Innleiing.....	side 3	Del 2: Innsatsområde, mål og strategiar	side 13
Oppbygging av planen	side 4	Samfunnet vi skal skape	side 14
Del 1: Planavgrensing og utviklingstrekk	side 5	Utslepp av klimagassar	side 15
Kva skal planen løyse? Og ikkje løyse?	side 6	Direkte utslepp	
Utslepp av klimagassar		Mål	
Berekraftig næringsutvikling og energiomstilling		Strategiar	
Klimatilpassing		Klimafotavtrykk	
Sosial berekraft og folkehelse		Mål	
Arealbruk og naturmangfald		Strategiar	
Sentrale utviklingstrekk.....	side 9	Klimatilpassing	side 24
Store klimagassutslepp		Mål	
Sterke globale og nasjonale føringar om utsleppsreduksjon		Strategiar	
Udekka nett- og kraftbehov		Arealbruk og naturmangfald	side 26
Villare, varmare, våtare		Mål	
Tap av natur og naturens karbonlagre		Strategiar	
		Korleis skal planen følgast opp?	side 29
		Vedlegg til planen	side 30

Innleiing

Klimaendringar er ein av vår tids største utfordringar, og endringane skjer raskare enn dei har gjort på fleire tusen år. Noreg har gjennom Parisavtalen forplikta seg til å føre ein klimapolitikk som bidreg til globale utsleppskutt. Med mindre vi har umiddelbare, raske, omfattande og vedvarande utsleppskutt vil vi ikkje kunne avgrense oppvarminga til 1,5 °C.

Kommunane spelar ei viktig rolle i arbeidet med å redusere utsleppa av klimagassar. Det blir allereie gjort mykje godt arbeid relatert til klima og miljø i Stad kommune innan ulike sektorar og einingar. Kommunen ser likevel eit behov for å systematisere klimaarbeidet meir enn kva som er gjort så langt, gjennom ein temaplan for klima. Det er også behov for å auke ambisjonsnivået. Dette er heilt avgjerande for å få til raske endringar, som klimautfordringa krevjar.

Kommunen kan bidra til reduksjon i utslepp av klimagassar gjennom si rolle som lokal planmynde, eigar av bygg og anlegg, grunneigar, innkjøpar, tenesteleverandør, politisk aktør og samfunnsutviklar. Kommunen har også ei viktig rådgjevarrolle for å få gjennomført klimatiltak i samfunnet. Dette kan til dømes gjerast gjennom informasjon om stønadsordningar, tilskot og andre insentiv, i tillegg til å sette krav. Ein del av tiltaka vil også vere avhengig av tilskot og andre støtteordningar for å kunne gjennomførast. Kommunen har i tillegg ei sentral rolle når det gjeld å formidle kunnskap, drive haldningsskapande arbeid og motivere til handling, mellom anna ved å framheve gode døme. Dei vala den enkelte innbyggjar tar kvar dag har stor innverknad på Stad sitt klimafotavtrykk.

Oppbygging av planen

Planen består av ein hovuddel og eit kunnskapsgrunnlag. Hovuddelen er det operative dokumentet og inneheld mål, innsatsområde og strategiar. Vi har valt ut følgande tre innsatsområde:

1. **Utslepp av klimagassar**
(inkluderer direkte utslepp og klimafotavtrykk)
2. **Klimatilpassing**
3. **Arealbruk og naturmangfald**

Under kvart innsatsområde er det definert eigne mål og strategiar som kommunestyret skal følgje opp. Tiltak som er relevante følger i ein eigen tiltaksbank. Lista i tiltaksbanken er ikkje uttømmende, og det vil vere behov for å vurdere nye tiltak og eventuelt endre tiltak. Det er stort sett ikkje sagt noko om når dei ulike tiltaka skal gjennomførast. Nokon av tiltaka må også konkretiserast nærmare. Korleis tiltaka og sjølv planen skal følgast opp er nærmare beskrive i avsnittet «Korleis skal planen følgast opp?».

Kunnskapsgrunnlaget gjev oss den nødvendige bakgrunnsinformasjonen og forståinga for prioriteringar i klimaplanen.

Del 1

Planavgrensing og utviklingstrekk



Kva skal planen løyse? Og ikkje løyse?

Målet med ein klimaplan er å sikre ei heilskapleg og målretta oppfølging av kommunen sitt klimaarbeid, og å støtte opp under og konkretisere oppfølginga av nasjonale og regionale mål og føringar som klimalova, stateleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging, med meir.

Temaplan for klima gir overordna føringar for klimapolitikken i Stad kommune og korleis vi ønskjer å utvikle kommunen som samfunn og organisasjon mot ei klima- og naturvenleg framtid og førebu oss på eit klima i endring.

Klima og miljø er svært tverrfaglege og komplekse tema. Gjennom klimaplanen ønskjer vi å vise samanheng mellom dei ulike fagområda. Vidare vil det vere behov for å integrere tiltak og strategiar gjennom andre fagplanar, verksemdsplanar og andre meir detaljerte styringsdokument, til dømes gjennom arealstrategiane i kommuneplanens arealdel. Kva planen ikkje skal løyse er derfor også relevant å seie noko om.

Temaplan for klima er sektorovergripande og skal i tillegg til kommunal verksemd også gjelde for andre verksemdar i heile kommunen, inkludert næringslivet, innbyggjarane, frivillige lag og organisasjonar.



Utslepp av klimagassar

Utslepp av klimagassar handlar både om dei direkte utsleppa som skjer i kommunen vår, og dei indirekte utsleppa som skjer i andre land som vi kan påverke gjennom vårt forbruk og vår livsstil. For å nå mål om globale utsleppskutt, må både dei direkte og indirekte klimagassutsleppa reduserast.

Eit klimafotavtrykk er summen av dei direkte og indirekte utsleppa og gir dermed ein meir heilskapleg oversikt over utsleppa vi har moglegheit til å påverke, samanlikna med å berre fokusere på dei direkte utsleppa. Dei vala den enkelte innbyggjar tar kvar dag har stor innverknad på Stad sitt klimafotavtrykk.

Temaplan for klima tar derfor for seg både dei direkte utsleppa og klimafotavtrykket. Dei direkte utsleppa er meir konkrete og målbare samanlikna med dei indirekte utsleppa, og måla i klimaplanen er derfor også mykje meir konkrete for dei direkte utsleppa enn for klimafotavtrykket. Dette gjenspeglast også i Noreg si klimalov og Miljødirektoratet sine utsleppsstatistikkar på kommunenivå som i stor grad fokuserer på dei direkte utsleppa.

1. [Grøn region Vestland](#)

2. Miljødirektoratet 2024: Klimatiltak i Norge, Rapport M-2760 (2024)

Det er ikkje alle utsleppa vi som kommune har direkte påverknad på. Temaplan for klima skal gi tydelege føringar for korleis vi skal jobbe med klimagassutsleppa ut frå kva vi har ein reell moglegheit til å påverke. I arbeidet med utsleppskutt vil kommunen vere hovudaktør for ein del utslepp, men for andre vil vi fungere som ein pådrivar eller oppmode andre aktørar om å ta tak i sine utslepp. Kommunen har ei viktig rådgjevarrolle for å få gjennomført klimatiltak i samfunnet. Dette kan til dømes gjerast gjennom stønadsordningar, tilskot og andre insentiv, i tillegg til å sette krav. Kommunen har ei sentral rolle når det gjeld å formidle kunnskap, drive haldningsskapande arbeid og motivere til handling, mellom anna ved å framheve gode døme. Og ikkje minst ved å sjølv gå fram som eit godt døme.

Berekraftig næringsutvikling og energiomstilling

Gjennom styrka fokus på sirkulære løysingar kan lokalt næringsliv bidra til betre ressursutnytting, reduksjon av klimagassar, kostnader og ressursavtrykk, og at nye grønne verdikjedar kan bli etablert. Korte og effektive forsyningskjeder blir avgjerande for å nå måla. I tillegg er innovasjon, digitalisering og å ta i bruk ny teknologi viktig. Kommunen har ikkje økonomiske verkemidlar til å

iverksette omstilling i næringslivet, men kan legge til rette for nettverksdanning, kunnskapsdeling og tilgang til informasjon om offentlege støtteordningar. Vidare skal kommunen gjennom ei samordna energi-, transport og arealplanlegging legge til rette for tenlege og berekraftige næringsareal. Vidare pågår prosjektet «Grøn region Vestland¹» som skal støtte, oppmuntre og hjelpe industrien i Vestland fylke til grøn omstilling med lågare CO₂-utslepp, auka fastlandseksport og fleire grønne jobbar. Dette prosjektet er ein viktig hjelp for næringslivet i region Fjordane og Stad kommune.

I tillegg til å redusere energiforbruket og fokusere på energiomstilling, er meir fornybar energi ein føresetnad for å nå dei globale klimamåla². Arbeid med kraft og kraftbehov er viktige tema som også må løftast til eit regionalt nivå. Region Fjordane jobbar med å utarbeide ein felles strategiplan for arbeidet med kraft i regionen. Strategiplanen vil vere viktig for næringsutviklinga i kommunen. Omfattande vurderingar knytt til utbygging av fornybar energi bør utarbeidast gjennom eigen plan, etter at region Fjordane sin strategiplan er ferdigstilt. Til dømes bør kommunen vurdere å implementere ein plan for fornybar energi ved revidering av kommunen sin næringsstrategi.

I Vestlandsforskning sitt prosjekt om samspeleffektar i lokal miljø- og klimapolitikk³ peikar dei på at alle typar fornybar energi vil kunne komme i konflikt med mål om å verne naturmangfaldet. Gjennom klimaplanen ønskjer kommunen å sikre at natur- og miljøomsyn vert ivaretatt ved eventuelle vurderingar om meir fornybar energi, til dømes ved spørsmål om vindkraftutbygging i kommunen.

I klimaplanen er strategiar og tiltak knytt til næring og energi plassert under «Klimafotavtrykk».

Klimatilpassing

Klimatilpassing er definert som tiltak som avgrensar ulemper og utnyttar fordelar av eit endra klima. Temaplan for klima gir overordna føringar for korleis vi skal jobbe med klimatilpassing. Vidare skal den sikre natur- og miljøomsyn i arbeidet med klimatilpassing. Detaljerte drøftingar må skje gjennom andre prosessar, som arealplanlegging, overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), arbeidet med vatn, avlaup og overvatn (VAO), landbruk og vedtak etter plan- og bygningslova. I tillegg skal vi gjennom konkrete (investerings-) prosjekt sikre at infrastrukturen i Stad kommune er tilpassa eit klima i endring.

Temaplan for klima er ikkje ein beredskapsplan. Omfattande vurderingar knytt til klimatilpassing må blant anna innarbeidast ved neste revidering av heilskaplege ROS i kommunen. I følge Stad kommune si utviklingsplan skal dette arbeidet starte opp i 2027.

Sosial berekraft og folkehelse

Den sosiale dimensjonen av berekraft handlar om å jobbe for at alle menneske får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv. Sosiale forhold er også ein av dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling. Klimapolitikken skal vere rettferdig og inkluderande, og bidra til ei heilskapleg og robust samfunnsutvikling. Det er viktig å sjå folkehelse i samanheng med klimaendringar. Klimaendringar kan ha direkte og indirekte påverknadar på livskvaliteten til den enkelte, til dømes gjennom auka risiko for ekstremvær og auka rasfare. Korleis sosial berekraft handterast og føringar knytt til temaet kan ikkje løysast gjennom klimaplanen aleine men takast opp i større grad gjennom andre planar, til dømes «kommunedelplan for fysisk aktivitet og friluftsliv 2024-2035» og «kommunedelplan for helse og omsorg 2023-2035».

Arealbruk og naturmangfald

Klimaarbeidet har mange kryssingspunkt med arealplanlegginga og arealbruken i kommunen. Vi har derfor ein stor og viktig rolle i å avgrense den negative påverknaden arealbruken vår kan ha på naturen. I eit klimaperspektiv vil naturtap ha ei negativ påverknad på naturens karbonlagre. Like så viktig er det å ta vare på naturmangfaldet og økosystemtenestene naturen leverer og naturen si evne til å handtere klimaendringane. Ivaretaking av natur er også viktig for den sosiale berekrafta, fordi natur er ein viktig arena for friluftsliv og folkehelse, og som møteplass og arena for rekreasjon.

Arealplanlegginga skal blant anna bidra til å ivareta karbonlagra i areala og avgrense klimagassutsleppa. Areal må sjåast på som ein avgrensa ressurs, og det er viktig at arealpolitikken prioriterer klima og natur høgt. I kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og arealdel (KPA) vedtek kommunen utbyggingsstrukturen og styrer arealbruken i ein natur- og klimavennleg retning. Gjennom KPS og KPA legg kommunen juridisk bindande føringar for arealbruken. Temaplan for klima skal fungere som eit kunnskapsgrunnlag i revisjonen av KPS og KPA og sikre at naturen vert tilstrekkeleg tatt omsyn til i kommunen si arealforvaltning og overordna styringsdokument.


3. Vestlandsforskning Samspeleffektar i lokal miljø- og klimapolitikk. VF-rapport nr.4-2021

Sentrale utviklingstrekk


Store klimagassutslepp

Stad kommune har ikkje klart å redusere klimagassutsleppa dei siste åra. I 2023 hadde kommunen eit utslepp på 70 791,2 tonn CO₂-ekvivalenter (sjå figur 1). Dette utgjør 7,4 tonn per innbyggjar og er ein reduksjon på berre 0,7 % samanlikna med året før. Sjøfart er den største utsleppssektoren i kommunen, og utgjorde 53 % av dei totale utsleppa i 2023 (37429 tonn CO₂-ekvivalenter). Vidare følger utsleppssektorane jordbruk (22%) og vegtrafikk (18 %). Til saman gjer desse tre sektorane 93% av dei direkte utsleppa i kommunen.

Men klimagassutslepp handlar om meir enn berre dei sektorfordelte, direkte utsleppa. Alle kan bidra til utsleppskutt ved å avgrense eige forbruk og dreie forbruk og livsstil i ei meir berekraftig retning. Dette gjeld for større offentlege og private aktørar, men også enkeltpersonar. Det årlege klimafotavtrykket til ein gjennomsnittleg innbyggjar i Noreg ligg på 12,1 tonn CO₂-ekvivalentar. For å nå nasjonale klimamål må dette talet kome under 3 tonn CO₂-ekvivalentar. I Stad kommune er tilsvarande klimafotavtrykk 13,4 tonn CO₂-ekvivalentar (sjå figur 2).



Figur 1: Sektorfordelte utslepp per år for Stad kommune, målt i tonn CO₂-ekvivalenter. Kjelde: Miljødirektoratet




Figur 2: Fotavtrykk Stad kommune samanlikna med landssnittet. Kjelde: Ducky

Sterke globale og nasjonale føringer om utsleppsreduksjon

Noreg har gjennom den internasjonale Parisavtalen forplikta seg til å føre ein klimapolitikk som bidreg til globale utsleppskutt. Det overordna målet med avtalen er å den globale oppvarminga bør holdast under 2 °C og helst avgrensast til 1,5 °C i forhold til 1990-nivå. Som ein oppfølging av Parisavtalen, har Noreg vedteken ei nasjonal klimalov, som seier at vi skal kutte minst 55 % av dei direkte utsleppa innan 2030 samanlikna med 1990-nivå.

Stad kommune ønskjer å talfeste eigne klimamål. Etter ein arbeidsverkstad som blei gjennomført med politikarane i planutvalet og samfunnsutvalet i februar 2024, blei det diskutert at kommunen bør ha klimamål som er både visjonære og realistiske. Med bakgrunn i dette, har kommunen valt å legge seg på same ambisjonsnivå som dei nasjonale måla som er vedteken i klimalova. Til samanlikning har Vestland fylkeskommune vedteken ein «nullvisjon» for klimagassutslepp som er langt meir ambisiøst enn den nasjonale målsettinga.

Dersom Stad kommune skal kutte utsleppa sine på linje med det som er vedteken i klimalova, krev dette ein drastisk reduksjon av klimagassutsleppa i Stad kommune fram mot både 2030 og 2050. Dette gjeld både utslepp frå kommunal verksemd, frå lokalsamfunnet og næringsliv. Figuren under viser ei teoretisk framskriving av utsleppa i åra som kjem dersom vi skal nå målet om 55 % utsleppskutt innan 2030.



Figur 3: Utslepp per sektor per år: Framskriving (estimat) av sektorvis nedgang i årlege utslepp i Stad kommune for å nå målet om 55 % utsleppskutt innan 2030 (2009 som referanseår). Her er jordbruk den sektoren som prosentvis skal kutte minst.

Udekka nett- og kraftbehov

Mange klimatiltak er straumkrevjande, og overgangen frå eit samfunn basert på fossil energi til fornybar energi gir auka kraftbehov. Vidare er nettkapasitet ein avgjerande faktor i energimarknaden. Per i dag er nettkapasiteten i Vestland brukt opp og innmeldte behov for framtidig nettkapasitet kan ikkje dekkast. Alle typar fornybar energi som har arealkonsekvensar vil kunne komme i konflikt med mål om å verne naturmangfaldet. Det som er meint som gode klimatiltak kan vise seg å medføre store negative konsekvensar for både oss sjølve og naturmangfaldet som vert påverka, gjennom nedbygging.

Villare, varmare, våtare

Vestland vert villare, varmare og våtare. I Stad kommune vil gjennomsnittleg årstemperatur auke med 4 °C og årsnedbøren med 15 % fram mot 2100. Det er venta ei vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør som igjen vil føre til fleire

regnflaumar, skred og utfordringar med handtering av overvatn. Sjølv om det er venta meir nedbør, fører høgare temperatur til auka fordamping som kan gjere oss meir utsett for tørke om sommaren. Fleire tørkeperiodar kombinert med attgroing er med på å auke faren for skog- og utmarksbrann. Havnivåstiging er ein annan del av klimaendringane som vil få konsekvensar for oss. Havnivåstiginga vil føre til at stormflo, bølger som strekk seg lenger inn på land og område som i dag ligg nær sjøen vil ligge ekstra utsett til i framtida.⁴

Vestland er eit av dei fylka med høgast klimarisiko. Det vil seie at vi kan forvente ei høg påverknad av klimaendringar men lågare innsats for å motverke enn gjennomsnittet for fylker i landet. Risikoen aukar også framover.⁵

Grunnleggande for å skape klimarobuste samfunn er å sikre robuste økosystem og naturmangfald. Naturen er med på å dempe flaumfare og føre vatn til stader der det ikkje gir store skader. Ved å bygge

ned myrområde og kantvegetasjon til vatn og vassdrag, kan vi risikere å redusere naturen si toleevne og gjere det mykje meir kostbart å møte det utfordringsbiletet vi ventar med auka nedbør i åra som kjem. Naturbaserte løysingar som klimatilpassingstiltak er og vil bli sentralt i klimatilpassingsarbeidet i tida framover. Naturbaserte løysingar handlar om å nytte blå og grønne område til å fordøye og infiltrere regn- og flaumvatn, som estetiske element og som biotopar (leveområde) for artar.

Tap av natur og naturens karbonlagre

Arealinngrep og arealbruksendringar er den viktigaste årsaka til tap, svekking og fragmentering av natur. Det er viktig å avgrense den negative påverknaden dagens arealbruk kan ha på naturen. Arealet i kommunen er ein av dei grunnleggande ressursane som skal forvaltaast. Kommunen er arealplanmynde i dei fleste saker og skal ta omsyn til bruk og vern av ressursar i planlegginga.

4. [Klimaprofil Sogn og Fjordane - Norsk klimaservicesenter](#)


5. Klimamonitor, 2024: Hva er klimarisiko? <https://klimamonitor.no/publikasjoner/kommunerangering-2024>

Vestlandsnaturen har svært høg diversitet, med stor variasjon frå kyst til fjell. Kommunen skal gjennom sitt planarbeid hindre nedbygging av natur, og i eit klimaperspektiv gjeld dette særskilt areal med store karbonlagre og jordbruksareal. Vi har mykje karbonrik natur i kommunen, både over og under vatn. Dette gjeld særskilt myr og anna våtmark, skog og kystlynghei. Hadde det ikkje vore for denne naturlege karbonlagringa i natur, ville effektane av klimagassutsleppa vore endå meir alvorlege enn dei er i dag. Å ta vare på økosystem ved å unngå nedbygging av natur er derfor det mest effektive klima-«tiltaket»⁶.

Vestland fylkeskommune har utarbeida eit *Arealrekneskap for Stad kommune*⁷ som syner at avsett areal til framtidig utbygging i Stad kommune i gjeldande KPA (kommuneplanens arealdel) per 2024 er på 7 592 daa. Av desse er 3250 daa på skogareal, og 304 daa på myr. Kartet under viser eit utsnitt av arealrekneskapen for Nordfjordeid og syner områda i og rundt Nordfjordeid sentrum som i eksisterande KPA er satt av til ulike arealformål men enda ikkje utbygd.

Av marine naturtypar er det tareskogane våre som lagrar mest karbon kvart år, etterfølgd av tangbelta og ålegrasenger. Særskilt rundt Stadlandet har vi mykje tareskog. Ein må derfor framleis jobbe for å utvide taretrålingsforbod til Stad Marine Verneområde til å omfatte også området aust for

Stålet/ Tungevåg naturreservat. Havbotnen er endestasjon for karbonet som blir tatt opp i marine naturtypar, og er det største marine lageret av organisk karbon.



Figur 4: Utdrag frå arealrekneskapen, der ubygd planreserve i eksisterande KPA i Nordfjordeid er illustrert. Areala er satt av til følgande formål: Gul = bustad og sentrumsformål, oransje = fritidsbusetnad, blå = handel, raud = tenesteyting, lilla = næringsverksemd, brun = råstoffutvinning, grøn = idrettsanlegg, sort = samferdselsanlegg.

6. Kunnskapsgrunnlaget for regional plan for klima 2022-2035, Vestland fylkeskommune

7. Arealrekneskap, Vestland Fylkeskommune:

<https://vestlandfylke.maps.arcgis.com/apps/dashboards/9097ec761f3f420daf3e6190ef38e6e3>

Del 2

Innsatsområde, mål og strategiar



Samfunnet vi skal skape

I Stad kommune si utviklingsplan, er det å «Redusere klimagassutslepp og ta vare på naturen» løfta fram som eit av fleire satsingsområde:

«Klima og miljø er ein premiss for samfunnsutviklinga. Alle i Stad kommune skal kunne leve gode liv i eit lågutsleppssamfunn som er tilpassa eit klima i endring. Vi skal ta vare på naturen som vårt livsgrunnlag og dermed sikre velfungerande økosystem som også er viktig for å redusere klimagassutsleppa og skape eit klimarobust samfunn.»⁸

8. Utviklingsplan for Stad kommune 2024-2028 (Kommunal planstrategi)

9. Henta frå Stad kommune sitt overordna styringssystem

10. Symbola er henta frå Miljødirektoratet:
<https://design.miljodirektoratet.no/profilbank/miljodirektoratet/piktogrammer/>

Klimaplanen sitt hovudmål:

Stad kommune deltek i arbeidet for å nå dei internasjonale klimamåla og arbeider for at vekst og utvikling skjer innanfor naturen sine tolegrenser⁹.


For å oppnå dette målet har vi valt disse tre innsatsområda:



Utslepp av
klimagassar



Klimatilpassing



Arealbruk og
naturmangfald¹⁰

Utslepp av klimagassar



Menneskeskapte utslepp av klimagassar forsterkar drivhuseffekten i atmosfæren og fører til endringar i klimaet. Klimagassar kan delast inn i direkte og indirekte utslepp. Direkte utslepp er dei utsleppa som skjer innanfor kommunen sine geografiske grenser. Indirekte utslepp er dei klimagassutsleppa som skjer utanfor kommunen sine geografiske grenser som følgje av vårt forbruk, handel og globale verdikjedar.

For å nå mål om globale utsleppskutt må både dei direkte og indirekte utsleppa reduserast. Klimafotavtrykk er ei utrekning av den totale klimapåverknaden av både direkte og indirekte utslepp, og kan sjåast på som eit resultat av forbruket og livsstilen vår. Eit klimafotavtrykk gir dermed ein meir heilskapleg oversikt over utsleppa vi har moglegheit til å påverke, samanlikna med å berre fokusere på dei direkte utsleppa.

Ei berekraftig utvikling av samfunnet inkluderer at vi tek vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, at vi reduserer det materielle forbruket vårt, held produkta og ressursane i omløp så lenge som mogleg, og reduserer mengda avfall som vert produsert. Avfall må også sjåast som ein ressurs. Vi må gå frå ein «bruk-og-kast» mentalitet til å utvikle sirkulære samfunn og arbeidsplassar.

I dette kapitlet har vi utarbeida mål og strategiar for «direkte utslepp» og «klimafotavtrykk» kvar for seg.

Utslepp av klimagassar: Direkte utslepp



Mål

Vi reduserer klimagassutsleppa i 2030 med minst 55 % og i 2050 med minst 90-95 % ut frå utsleppsnivået i 2009.

Strategiar

Overordna

1. Vi reduserer dei direkte klimagassutsleppa frå heile samfunnet, med hovudfokus på sjøfart, vegtrafikk og jordbruk

Dei tre største direkte utsleppssektorane i kommunen er sjøfart, vegtrafikk og jordbruk, og derfor er også disse vårt hovudfokus. Det er utarbeida egne strategiar under for å følgje opp disse tre sektorane. Det er likevel viktig å også reduserer andre direkte klimagassutslepp, særskilt innan anna mobil forbrenning, oppvarming, avfall og avløp.

2. Vi reduserer dei direkte klimagassutsleppa frå vår kommunale verksemd

Den kommunale verksemda har store klimagassutslepp knytt til sine tenester, og det er viktig at kommunen tar ansvar for egne utslepp med mål om utsleppsreduksjon og jobbar systematisk for å redusere utsleppa. Gjennom miljøfyrårnarbeidet blir det årleg utarbeida eit klimarekneskap frå verksemda vår som inkludera direkte utslepp frå transport, energibruk og avfall. Dette blir ein viktig del av kommunen sin verksemdsstyring for å jobbe med å redusere utsleppa frå eige verksemd.

Utslepp av klimagassar: Direkte utslepp



Strategiar

Sjøfart

1. Redusere klimagassutslepp frå cruisenæringa betydeleg i tråd med kommunen sine mål om utsleppsreduksjon

Dette er heilt avgjerande for å nå måla om utsleppskutt. Potensiale for å kutte utslepp er stort, men inneber at det gjennomførast tiltak. For å redusere utsleppa er vi i tillegg avhengig av nasjonale og regionale føringar. Ei teknologiutvikling mot meir miljøvennlege skip er også avgjerande. For å lykkast med å faktisk redusere utsleppa vert det viktig å løfte cruisepolitikken til eit regional nivå, blant anna gjennom arbeidet med «Merke for berekraftig reisemål»¹¹. Gjennom denne sertifiseringsordninga, er det ein rekke krav opp mot cruisenæringa som må oppfyllest, som til dømes å setje eit omforent tal på cruiseanløp/passasjerar på regionalt nivå. Oppfølging i cruise- og hamnestrategi vil også vere avgjerande for å sikre utsleppskutt.

2. Vere pådrivar for etablering av landstraum for skip og båtar i heile kommunen

Dette vil vere avhengig av kraftkapasitet og utbygging av straumnett. Som døme blei prosjektet «Landstraum på Nordfjordeid» satt på vent i 2024 grunna manglande nettkapasitet. Eit potensielt landstraumsanlegg må ikkje bli eit argument for å auke cruisetrafikken ytterlegare, men heller oppmode til nullutsleppsløysingar på sjø. Det er viktig å legge til rette for landstraum i arealplanar.

3. Støtte opp om Vestland fylkeskommune sine satsingar på nullutsleppsløysingar på sjø

Dei fleste ferjene til Vestland fylkeskommune er elektriske og har bidratt til store utsleppskutt. Vidare jobbar fylkeskommunen for elektrifisering av mellom anna hurtigbåtar, som har potensiell stor innverknad på kommunen sitt utslepp. Kommunen har ein viktig rolle som pådrivar opp mot fylkeskommunen.

¹¹<https://www.innovasjon Norge.no/tjeneste/merket-for-baerekraftig-reisemal>

Utslepp av klimagassar: Direkte utslepp



Strategiar

Jordbruk

1. **Redusere klimagassutsleppa frå matproduksjonen utan at det skal gå ut over produsert mengde, arealutnytting, dyrevelferd og dyrehelse.**

Dette er også landbruksnæringa i Vestland si målsetting. Hovudsatsingsområda for å få dette til er å betre grovforkvalitet til mjølkeku, betre bruk av gjødsla og god agronomi, klimakalkulator, klimarådgjeving og bruk av husdyrgjødsel som råstoff i biogassanlegg.

2. **Jobbe for betre agronomi og betre gjødselhandtering**

Det inneber at ein skal forbetre eigen drift og produksjon som og har positiv effekt på utslepp av klimagassar. Ei vidareføring og eventuell styrking av eksisterande tilskots- og investeringsordningar på gardsnivå vil kunne bidra til reduserte klimagassutslepp frå jordbruket. Ordningane omfattar blant anna miljøvennleg spreiding, optimalisere spreietidspunkt og auka lagerkapasitet for husdyrgjødsel.

3. **Auke kontroll av driveplikta med mål om auka drift av dyrka jord og auka beitebruk**

Dersom driveplikta oppretthaldast, vil vi i større grad kunne sikre at vi utnyttar dei jordbruksareala vi har på ein god og effektiv måte. Til dømes kan auka beiting i utmark kunne føre til eit redusert behov for innmarksbeite, og eksisterande innmarksbeite vil kunne nyttast til andre jordbruksformål. Dette vil potensielt også kunne sikre tilstrekkeleg med jordbruksareal og redusere behovet for omdisponering frå skog til jordbruksformål.

OBS: Det er fleire strategiar som er relatert til jordbruksnæringa. Dette gjeld dei to siste strategiane under «Klimafotavtrykk» og strategi 2 og 3 under «Arealbruk og naturmangfald».

Utslepp av klimagassar: Direkte utslepp



Strategiar

Vegtrafikk

1. Unngå transport som er ikkje naudsynt

Ved å unngå unødvendig transport reduserer ein transportmengda og dermed utsleppa. «Å unngå» er den strategien som er høgast prioritert i UFF-rammeverket (Unngå-flytte-forbetre)¹².

Gjennom transporteffektiv og miljøvenleg arealplanlegging skal vi planlegge og bygge ut på måtar som reduserer behovet for å reise. Rekkefølge for prioritering av transportutvikling og -kapasitet: Gonge – sykling – kollektiv – næring – personbil.¹³ Dette handlar bustadfortetting, og om plassering av servicetilbod, arbeidsplassar, sjukehus og liknande, i forhold til bustadar. Samtidig skal det vere rom for spreidd busetting og styrt utvikling av bustadområde i bygdene, der dette er viktig for å oppretthalde busetnad, lokal aktivitet og berekraftige lokalsamfunn. Andre døme for å redusere transportbehovet er auka bruk av digitale tenester, velferdsteknologi og heimekontor.

2. Legge til rette for nullutsleppstransport

Vi skal bidra til infrastruktur for utsleppsfri teknologi og medverke til etablering av eit dekkande nettverk av ladepunkt for å sikre framkomsten med elektrisk transport. For å lykkast med elektrifisering også av tunge køyretøy er vi avhengig av tilstrekkeleg ladeinfrastruktur. Etablering av ladestasjonar langs viktige riksvegaksar vert difor sentralt. Vidare kan kommunen vurdere å stille krav til elektriske tungtransport gjennom sine innkjøp.

3. Støtte opp om Vestland fylkeskommune sine satsingar på eit betre kollektivtransporttilbod og nullutsleppsløysingar

Frå sommaren 2025 blir den fylkeskommunale busstransporten elektrifisert som vil medføre eit kutt i utslepp frå busstransport på 80% i Stad kommune. Vidare vert det innført fleksibel bestillingstransport på Nordfjordeid. Dette skal bidra til å auke bruk av kollektivtransport og styrke tilbodet også utanfor knutepunkta. Vidare er betre kommunikasjon mellom kollektivtilboda, utvida tilbod og intuitive reiseplanleggings- og billettbestillingsappar viktig for fungerande kollektivtransport. Her er kommunen ein viktig pådrivar opp mot Fylkeskommunen.

12. Sjå figur 5 om UFF-rammeverket

13. Sjå [Stad kommune sin lokal transportplan 2022-2034](#)

Utslepp av klimagassar: Klimafotavtrykk



Mål

Vi reduserer klimafotavtrykket ved å ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar og redusert forbruk

Strategiar

Overordna

1. Bidra til å redusere fotavtrykket frå samfunnet

Klimafotavtrykket vert påverka av vala den enkelte tar i kvardagen, og korleis varer og tenester som vi kjøper blir produsert. For å redusere fotavtrykket frå samfunnet, kan alle bidra. Vi må ta vare på ressursane våre gjennom sirkulære løysingar, redusere det materielle forbruket vårt, halde produkta og ressursane i omløp så lenge som mogleg, og redusere mengda avfall som vert produsert. Kommunen har ei sentral rolle når det gjeld å formidle kunnskap, drive haldningsskapande arbeid og motivere til handling, mellom anna ved å framheve gode døme.

2. Vere eit forbilete ved å redusere fotavtrykket frå kommunal verksemd


Det er viktig for kommunen å kunne vere eit forbilete ved å feie for eigen dør. Kommunen ønskjer å gå føre ved å omstille til lågutsleppsløysingar i eige drift. Kommunen må innrettast slik at det er enkelt for dei tilsette å ta miljøvenlege val i arbeidskvardagen. Kommunen må sikre klima- og miljøvennlege val i alle relevante anskaffingar og bygge- og anleggsprosjekt. Gjennom miljøfyrtårnarbeidet blir det årleg utarbeida eit klimafotavtrykk for eige verksemd. Oppfølging av dette blir ein viktig del av kommunen sin verksemdsstyring for å jobbe med å redusere klimafotavtrykket frå eige verksemd.

Utslepp av klimagassar: Klimafotavtrykk




3. Kommunen skal i sine planar og prosjekt velje alternativ som unngår negativ påverknad på miljø og samfunn

For å sette dette i system, er både UFF-rammeverket (figur 5) og tiltakshierarkiet (figur 6) sentrale verktøy. Tiltakshierarkiet består av fire typar tiltak som skal redusere den negative verknaden ei utbygging har på natur. I forskrift om konsekvensutgreiingar er det reglar om korleis tiltakshierarkiet skal nyttast i utgreiingar og beslutninger. UFF-rammeverket synleggjer korleis klimatiltak som går på tvers av enkeltsektorer kan bidra effektivt til utsleppskutt og klimatilpassing.



Figur 5: UFF-rammeverket («Unngå - Flytt - Forbedre» - rammeverket).
Kjelde: NOU2023:25. Les meir om dette i kunnskapsgrunnlaget.



Figur 6: Tiltakshierarkiet. Kjelde: Miljødirektoratet, Rettleiar M-1941.
Les meir om dette i kunnskapsgrunnlaget.

Utslepp av klimagassar: Klimafotavtrykk



Strategiar

Næring, energi og kulturarv

1. Legge til rette for grøn næringsutvikling gjennom sirkulære løysingar, samarbeid og samordna energi- transport- og arealplanlegging

Gjennom styrka fokus på sirkulære løysingar kan lokalt næringsliv bidra til betre ressursutnytting, reduksjon av klimagassar, kostnader og ressursavtrykk, og at nye grønne verdikjedar kan bli etablert. Korte og effektive forsyningskjeder blir avgjerande for å nå måla. I tillegg er innovasjon, digitalisering og det å ta i bruk ny teknologi viktig.

Kommunen har ikkje økonomiske verkemidlar til å iverksette omstilling i næringslivet, men kan legge til rette for nettverksdanning, kunnskapsdeling og tilgang til informasjon om offentlege støtteordningar. Vidare skal kommunen gjennom ei samordna energi-, transport og arealplanlegging legge til rette for tenlege og berekraftige næringsareal. Mangel på kraft- og nettkapasitet vil i framtida krevje sterkare kopling mellom energi og areal.

2. Minimere fotavtrykket frå reiselivet i kommunen

Reiselivet i kommunen er i sterk utvikling. Eit høgt besøksvolum kan gje negative konsekvensar for klima, miljø, natur og lokalsamfunn. Det er viktig at vi ser på kva vi kan gjere for å redusere dei negative konsekvensane. I samband med dette jobbar Nordfjordkommunane samla for å oppnå «Merke for berekraftig reisemål». Dette inneber å oppfylle ei rekke kriterium som bidreg til eit berekraftig reiseliv. Sidan Nordfjordkommunane er cruisedestinasjonar, må det også svarast ut fleire tilleggskriterium for berekraftig utvikling av cruiseturismen.

Kommunen jobbar også i lag med fylkeskommunen om å legge til rette for ei berekraftig besøksforvaltning. Gjennom Regionalt Pilgrimssenter Selje legg kommunen til rette for sakteturisme og bruk av historiske ferdselsårer med lågt klimafotavtrykk.

3. Nytte kulturarven i kommunen som eit verkemiddel for å fremme berekraft og ombruk

Kulturmiljø kan bidra til å både miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Å bevare og ombruke eksisterande bygningar er positivt for både klima, natur og kulturmiljøet, og bidrar også til reduserte klimagassutslepp gjennom å reduserer behovet for nybygg.

Utslepp av klimagassar: Klimafotavtrykk



14. Berekraftig mat vil seie

- kortreiste matvarer (sesongbasert/lokalprodusert/norskprodusert),
- og/eller redusert forbruk av kjøtt, auka andel grønnsaker, korn, belgvekster, frukt og bær,
- og/eller økologisk mat,
- og/eller miljøsertifisert fisk eller kjøt

3. Redusere energiforbruk, fokusere på energiomstilling og fornybare løysingar, sikre kraftbehov og tilstrekkeleg nettkapasitet

I tillegg til å redusere energiforbruket og fokusere på energiomstilling, er meir produksjon av fornybar energi ein føresetnad for å nå måla om globale utsleppskutt. Vidare er nettkapasitet ein avgjerande faktor i energimarknaden. Fjordvarme er ein viktig del av kommunen sitt arbeid med å redusere klimagassutsleppa, då Fjordvarmeanlegget bidrar til redusert energiforbruk.

Auka kraftproduksjon og utbygging av kraftnettet vil ha arealkonsekvensar. Det som er meint som gode klimatiltak kan vise seg å medføre store negative konsekvensar for både oss sjølve og naturmangfaldet som vert påverka gjennom nedbygging. Det er derfor viktig å sikre at både klima og natur kjem på vektsskåla i vurderingar om fornybar energi, til dømes i vurderingar knytt til vindkraftutbygging.

Strategiar

Jordbruk

3. Stimulere til auka produksjon av frukt, bær og grønt

Der det ligg til rette for det og kommunen har verkemiddel som er tenlege. Vidare støtte opp om lokal produksjon av kjøt og egg og stimulere til auka beitebruk og bruk av norske fôrråvarar i produksjonen. Kommunen skal gjennom sitt rådgjeving- og verkemiddelapparat bidra til formidling av kunnskap om mest mogleg berekraftig matproduksjon for alle typar produksjonar og gje kunnskapsstøtte til å ta i bruk nye metodar og ny teknologi som gjev meir produksjon av trygg og berekraftig mat. Lokal matproduksjon er viktig både i ein beredskapssamanhang og for lokal næringsutvikling.

4. Stimulere til eit matforbruk i tråd med dei nasjonale kostråda og redusere matsvinn

Dette inneber å legge til rette for auka forbruk av fisk, frukt og grønt, og at forbruket av kjøt og egg er på linje med mengdetilrådingane i kostråda. Kostråda er retta mot friske menneske og for dei gruppene som kommunen har ansvar for i institusjonar og andre stadar som treng ekstra merksemd rundt næringsinnhald og -inntak skal kosttilbodet dei får tilpassast dette. Kommunen skal arbeide aktivt for å redusere matsvinnet i eigne serveringsstadar samt bistå med informasjon om korleis innbyggjarar og verksemdar i kommunen enklare kan redusere sitt matsvinn.

Klimatilpassing

Klimatilpassing er definert som tiltak som avgrensar ulemper og utnyttar fordelar av eit endra klima. Klimaendringar er langsiktige endringar i vêrmønsteret lokalt, regionalt og globalt. Som følge av klimaendringane må vi planlegge for eit annleis klima enn det vi er van med i dag. Vestland vert villare, varmare og våtare. Stad har i likskap med mesteparten av fjordkysten eit mildt, nedbørrikt klima med låg temperaturskilnad mellom sommar og vinter.

Det er venta ei vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør. Dette kan føre til fleire regnflaumar, skred og utfordringar med handtering av overvatn. På Vestlandet er naturen si evne til å binde store mengder vatn svært viktig. Naturbaserte løysingar er ein viktig del av klimatilpassinga. Det handlar om å nytte blå og grøne område til å fordrøye og infiltrere regn- og flaumvatn, som estetiske element og som biotopar (leveområde) for artar.

Arbeidet med klimatilpassing er tett kopla til arealplanlegginga i kommunen. I dei statlege planretningslinjene for klima og energi står det mellom anna at planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturer, og forsvarleg overvasshandtering.

Konsekvensar av klimaendringar, samfunnet sin sårbarheit for å bli negativ påverka av klimaendringar og innsatsen frå kommunen for å tilpasse seg verknadar av klimaendringane gir eit bilete av den samla klimarisikoen for ein kommune. Vestland er eit av dei fylka med høgast klimarisiko. Det vil seie at vi kan forvente ei høg påverknad av klimaendringar men relativt sett lågare innsats for å motverke dei. Risikoen aukar også framover.

Klimatilpassing




Mål

Stad er eit trygt og klimarobust samfunn som er førebudd på konsekvensar av klimaendringane.

Strategiar

1. **Sikre eit klimarobust samfunn basert på oppdatert forskning, framskrivingar, lokal kunnskap og lokale løysingar**
For å kunne jobbe førebyggjande må kommunen tileigne seg tilstrekkeleg kunnskap om klimarisiko og lokale konsekvensar av klimaendringar. Sårbarheit og kunnskapshull må avdekkast. Dette er naudsynt for å iverksette treffsikre tiltak og dimensjonere beredskapen.
2. **Sikre robuste økosystem og naturmangfald og prioritere naturbaserte løysingar**
Grunnleggjande for å skape klimarobuste samfunn er å sikre robuste økosystem og naturmangfald. Naturbaserte løysingar er derfor sentralt i klimatilpassinga. Naturbaserte løysingar er eit samleomgrep for løysingar for klimatilpassing som tek i bruk naturen. Eit viktig tiltak vil dermed vere å unngå nedbygging og bevare økosystem som kan dempe effektar av klimaendringar. Vi tek i bruk naturen sin evne til å ta opp vatn, dempe flaum og hindre skred. Slike løysingar har også mange positive tilleggseffektar, som karbonopptak, rein luft og vatn, trivsel og gode nærmiljø og ivaretaking av habitat for pollinerande insekt. Klimatiltak skal ikkje gjere oss meir klimasårbare, og klimatilpassingstiltak skal ikkje auke klimagassutsleppa. Kulturminne kan også spele ei viktig rolle i lokal klimatilpassing gjennom å vise historiske løysingar og berekraftige praksisar.

Arealbruk og naturmangfald




Naturen er livsgrunnlaget vårt, og vi har eit ansvar for å ta vare på den. Naturen er viktig med sitt mangfald, økosystemtenestene den leverer og evna den har til å handtere klimaendringar. Ivaretaking av natur er også viktig for den sosiale berekrafta, fordi natur er ein viktig arena for friluftsliv og folkehelse, som møteplass og arena for rekreasjon.

Hadde det ikkje vore for denne naturlege karbonlagringa i natur, ville effektane av klimagassutsleppa vore endå meir alvorlege enn dei er i dag. Den store utfordringa er at vi bygger ned svært mykje natur i heile landet, sjølv om vi veit at vi treng naturen i møte med klimaendringane. Å ta vare på økosystem ved å unngå nedbygging av natur er derfor det mest effektive klima-«tiltaket»⁶.

Arealet i kommunen er ein av dei grunnleggande ressursane som skal forvaltast. Her tiltakshierarkiet (sjå figur 6) eit svært relevant som verktøy. Areal er ein avgrensa ressurs, og det er viktig at arealpolitikken prioriterer klima og natur. Naturkrisa og klimakrisa må løysast samtidig, og arealbruken bør prioriterast til dei formåla som har størst samfunnsnytte. Endra arealbruk vil påverke opptak og utslepp av klimagassar og andre økosystemtenester. Arealinngrep og arealbruksendringar er den viktigaste årsaka til tap, svekking og fragmentering av natur.

Arealbruk og naturmangfald



Mål

Arealbruken i kommunen bidreg til å hindre tap av naturmangfald, redusere klimarisiko og auke opptaket av klimagassar.

Strategiar


1. Arealbruken i kommunen skal vere arealnøytral

Arealnøytralitet inneber at tap av natur og jordbruksareal skal minimerast, slik at ny utbygging i størst mogleg grad skal skje gjennom skånsam fortetting og transformasjon av grå areal (= allereie nedbygde område). Nøyaktig korleis prinsippet utformast, må gå fram av kommunen si overordna arealstrategi. Kommunen bør også vurdere å innføre prinsipp om økologisk kompensasjon eller tilsvarande, slik at ikkje nedbygging av natur skal bli det enklaste og rimelegaste alternativet.

2. Kommunen skal gjennom sitt planarbeid hindre nedbygging av natur, særskilt areal med store karbonlagre og jordbruksareal

På land gjeld dette særskilt myr og anna typar våtmark, skog og kystlynghei. Dei mest verdifulle karbonrike skogane er dei med høg bonitet og gamle, naturskogliknande skogar, særleg av boreal lauvskog. Av marine naturtypar er det tareskogane våre som lagrar mest karbon kvart år, etterfølgt av tangbelta og ålegrasenger. Nydyrking skal først og fremst skje på dyrkbar jord, eller på innmarksbeite som er ute av drift eller som skal oppdyrkast til overflate- eller fulldyrka jord.

Arealbruk og naturmangfald



3. Hindre nedbygging av karbonrike areal til jordbruksformål

Når dyrka jord byggast ned, må nytt areal dyrkast for å oppretthalde produksjonen. Dersom tapet av eksisterande jordbruksareal reduserast, vil behovet for nydyrking bli mindre. Ved å hindre nedbygging av karbonrike areal som skog og myr, vil ein også hindre store klimagassutslepp frå areala våre. Frå forbodet mot nydyrking av myr blei innført i 2020 har løyve til nydyrking av myr blitt kraftig redusert. Eit sterkare jordvern, som er ambisjonen i regjeringas jordvernstrategi frå 2023, vil truleg redusere behovet for avskoging til beite og dyrka mark samt nydyrking av myr.

4. Sikre at arealforvaltninga vår er basert på oppdatert kunnskap om naturen

Ein naturmangfaldplan som er planlagt ifølge kommunen sin planstrategi, vil bli eit viktig verktøy for å få meir informasjon om naturverdiane våre. Fleire prosesser pågår for å få på plass eit arealrekneskap med karbonberekningar i kommunen, som forhåpentlegvis også vil innlemme eit naturrekneskap på sikt. Eit naturrekneskap kan samle informasjon om utbreiinga av ulike naturtypar, økosystem eller økosystemtenester og informasjon om deira verdi og tilstand. Dette er viktig informasjon når ulike areal vurderast opp mot kvarandre, til dømes kan ein myr vere grunn, medan ein anna myr er djup og lagrar betydeleg meir karbon. Om tilstrekkelege kartleggingar av naturen ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggest til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9).

Korleis skal planen følgast opp?



Temaplan for klima gir overordna føringar for klimapolitikken i Stad kommune og korleis vi ønskjer å utvikle kommunen som samfunn og organisasjon mot ei klima- og naturvenleg framtid og førebu oss på eit klima i endring. For at klimaplanen skal bli eit «levande dokument», er vi avhengige av at politikarane ta eigarskap til planen og brukar planen i sitt arbeid. Dei må utøve den klimapolitikken og det ambisjonsnivået som planen legg opp til.

Tiltaka i tiltaksbanken konkretiserer kva som skal til for å jobbe mot mål og strategiar. Gjennom det årlege klimabudsjettet i handlingsprogrammet til økonomiplanen blir det årleg vurdert kva for tiltak som skal prioriterast. Oppfølging av tiltak skal dermed sikrast gjennom det årlege klimabudsjettet som er ein del av kommunen sitt overordna styringssystem. Klimabudsjettet skal fungere som ein handlingsdel til klimaplanen, der det kvart år vurderast kva for tiltak som skal prioriterast dei neste fire åra med særskilt fokus på det komande året. Lista i tiltaksbanken er ikkje uttømmende, og nye tiltak vil kunne takast inn over tid.

Stad kommune har allereie gjennom fleire år integrert klimabudsjettet i handlingsprogrammet til økonomiplanen. Slik sikrar vi god politisk og administrativ forankring av klimabudsjettet. Tiltaka forankra i klimabudsjettet vert vidare følgt opp gjennom verksemdsplanar i det interne styringssystemet.

Gjennom miljøfyrtårnarbeidet blir det årleg utarbeida eit klimarekneskap frå verksemda vår som inkluderer utslepp frå transport, energibruk og avfall. Etter kvart som all kommunal verksemd er sertifisert, vil Stad kommune kunne sette saman eit samla klimarekneskap for eige verksemd. Dette vil bli ein del av kommunen sin verksemdsstyring for å jobbe målretta med å redusere utslepp frå eige verksemd.

Planen er tematisk, det vil seie at den gir tydelege føringar for korleis vi ønskjer klimaarbeidet i kommunen, men den er ikkje juridisk bindande når det gjeld disponering av areal. Oppfølging av planen må difor knytast direkte opp mot revisjon kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategiane (KPS), kommuneplanens arealdel (KPA) og vidare i reguleringsplanar og byggesaker. Klimaplanen inngår derfor som eit viktig kunnskapsgrunnlag for revisjon av KPA og KPA.

Kommunen har også ei intern tverrfagleg arbeidsgruppe som heiter «Ressursgruppe for grøn omstilling». Denne gruppa vil ha eit ekstra ansvar for å følgje op klimaarbeidet i kommunen, utarbeide det årlege klimabudsjettet og sikre oppfølging av tiltaka. Gruppa skal også vere orientert om klimasatsmidlar (Miljødirektoratet si tilskotsordninga for klimatiltak) og koordinere søknadar på vegne av kommunen. Klimasats og andre støtteordningar vil vere eit viktig verkemiddel for å finansiere fleire av tiltaka.

Utarbeiding av klimaplanen er ein direkte oppfølging av Kommunestyrevedtaket i sak KS-22/091 («Strategi for klimaarbeid for Stad kommune»). I denne saka er det også vedteken at dei årlege aktivitetane relatert til kommunen sitt klimabudsjett og klimarekneskap skal følgje årshjulet for klima som følgjer den politiske saka.

Vedlegg til planen

- Tiltaksbank (eige dokument)
- Kunnskapsgrunnlag til temaplan for klima (eige dokument)